

## **Rettleiande inntaksgrenser for ungdomsskulane på Bryne**

27.10.2020 gjorde Time kommunestyre vedtak om rettleiande inntaksgrenser for kva ungdomsskule elevane skal høyra til frå skuleåret 2021.

Dei vedtekne inntaksgrensene kan de sjå i [kart](#). Elevar som har adresse tilhøyrande det grøne området skal gå på Vardheia ungdomsskule. Elevar som går i det lilla området skal gå på Bryne ungdomsskule. Ein kan forstørre kartet slik at ein kan sjå namna på gateadressene.

### **Informasjon til føresette**

Det vil innan 30. oktober bli sendt informasjon til føresette på 7. trinn på Hognestad, Bryne og Rosseland skule, og 8. trinn på Bryne ungdomsskule, om kva skule dykkar ungdom skal gå på.

### **Fritt skuleval**

Det er fritt skuleval i Time kommune. Dette betyr ein kan søkja plass ved anna skule enn den eleven høyrer til ut frå inntaksgrensene.

**Søknadsfrist for dette er 19. november. Søknaden skal sendast til Time kommune.**

[Retningslinjer og søknadskjema](#) finn du informasjon om på nettsida til Time kommune, og på den enkelte skule si nettside.